

1993 Lund og Syltetøys

Framført 02. – 03. – 04. – og 05. april

Velkomne

Med hjarte i halsen, tek me sjansen på ny
Etter fjorårets suksess med Syltetøys-revy
Me har slite og grubla og diskutert
Me har skratta og sutra og refusert
Er teksten for grov, vil nokon bli lei?
Er sangen for kjapp, eller kanskje for treig?
Er alle her no, kven manglar i dag?
Skal det aldri bli råd å få øve i lag?

Du gamle tresheim, kunne veggane tale,
Då ville folk få høyrte både vist og gale
Me tillet oss nok å harselere
Men det er ikkje vont meint, gudbedre.
Derfor må ingen ta det ille,
Å såre dei, var det siste me ville.
Me håpar de likar revyen lell.
Og at de får det artig i kveld.

Helsing frå Tresfjord Ungdomslag

Det er med angst i augo og klump i halsen at styret i Tresfjord UL møter opp på TRESHEIM for å sjå teatergruppa sin revy i år. Vi granskar hjarte og nyrer på oss sjølve og andre og tenkjer som so; Har no revyen fått det spelerom dei treng, har styret løyvd nok pengar til å drive på, har vi vore snille og greie å ha med å gjera og har vi vist at vi set pris på innsatsen deira? Vi er klamme alt før vi har fått sett oss ned i plaststolane. For dersom nokon i teatergruppa svarar nei på nokon av spørsmåla ovanfor, då er vi ille ute dei neste to timane.

Det er ikkje tvil i vår skjel om at vi, som alle andre, får vårt pass påskreve av denne gjengen. Sli tenkjer vi der vi smyg oss villaugde og nervøse langs benkeradene. For sjå revyen skal vi, ver sikker. Og jammen skal vi fryde oss au, særleg over dei poenga som ikkje går på bekostning av oss sjølve. Så får det heller berre våge seg dersom det viser seg at det er våre tabbar som kallar på den verste gapskratten. Styret i Tresfjord Ungdomslag ønskjer revyen -93 tillukke med Lund & Syltetøys, og vonar at publikum vil løne dei som fortent, LE AV DEI !

Jan Roger Mølbach Willhelmsen
Formann

Program

1. akt

Opningssang
Vermelding
Orkanvise
Sterk storm
OL i Tresfjord
Idrettshaller til besvær
Kongen av Wembley
Can-Can på Gamleheimen
Lada vise
Vindsurfaren

2. akt

Sysselsetting
Monolog
Dram og Krag
Rovdyrplager
Patriotpenger
Søppelsekksang
Suverniren
Martnavise
Helsesenteret
Romeo & Julie
Avslutningssang

Desse var med:

Bodil Hoem
Gudmund Sylte
Knut Romestrand
Benedicte Ulrich
Gunnlaug Daugstad
Bente Brevik Lindset
Elin Løvik
Halvor Nerheim
Gunnar Ødegård
Eldar Villa
Rigmor Olsen
Knut Kjøpstad
Lars Ove Olsen
Terje Øvstedal
Aase Bjørg Alme
Randi Rønnestad
Anne Dordi Sogge
Øyvin Rypdal
Jan Halgeir Lindset
Elisabeth Rundtom

Andre medhjelparar:
Nina Flattum Thorsen
Gary Gillespie

Instruktør
Endre Skar

Sminke:
Mali Romestrand

Kostymer:
Ane Kari Romestrand